

Lindås kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2356 - 16/23178

Saksbehandlar:

Leif Bjørnar Hopland

leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no

Dato:

30.08.2016

Innspel til høyring - revidert kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024

Viser til «Revidert kommunedelplan for for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024» lagt ut på høyring 10.juni 2016 med frist til innspel 2.september 2016.

I planen ligg fleirbrukshall i Alversund som nr. 3 på prioriteringslista i handlingsprogrammet for anlegg. SU ved Alversund meiner det bør prioriterast at fleirbrukshall i Alversund bør byggjast på same tid som ny skule. Det vil vera uheldig for skulen om ein må venta på ein hall, og slik stå i fare for å vera utan gymsal i ein periode. Erfaringar frå utbyggingar ved andre skular i kommunen tilseier at dette er ei lite tilfredsstillande løysing.

SU ved Alversund skule meiner ny fleirbrukshall i Alversund må opp på prioriteringslista.

SU ved Alversund skule ønskjer å komma med innspel om at «Kystvegen» kjem inn som eit nærmiljøtiltak i planen, då dette vil kunne fungera som ein gangveg/skuleveg for elevane frå Alvermarka/Ikenberget til skulen. Denne vegen har vore fremja som eit tiltak i Isdal-Alversundområdet som ein gang/sykkleveg langs sjølina.

For SU ved Alversund skule

Leif Bjørnar Hopland

rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakrar:
Lindås kommune